

# Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 5

Arna Mai 1970

3. årgang

## VISNE GREINER

Vår kirke blir av og til kritisert fordi så mange av dens medlemmer er passive og likegyldige. Nei, da er det annerledes med frikirkene. Der er liv og aktivitet.

Desverre er det noe riktig og berettiget i denne kritikken. Alt for mange er passive og likegyldige i vår kirke, tiltross for at de vet bedre — ja, endog vil noe annet. Men de kommer ikke i gang. I forbindelse med den nye dissenterloven ble det hevdet at Den norske kirke var ingen kirke. Den er bare et offentlig religionsvesen på linje med f.eks. Postverket og Telegrafverket.

Til et slikt syn sier vi et avgjort nei. Vår norske kirke er en kristen kirke. Men hva da med de mange passive og likegyldige medlemmer som tilhører den?

Pinseteksten om vintreet og greinene kan gi oss et svar. Her sier Jesus at som det er i naturens rike slik kan det også være i hans rike på jorden. På et tre kan noen greiner være friske og bære frukt, andre visne og ikke frukt bærende. Alle greinene — enten de er friske eller visne — hører

treet til og står i et visst forhold til stammen. Men bare de friske suger kraft og er til gagn, de visne er til ingen nytte, helst skjemmende og til skade.

Der er menighetslemmer som er å sammenlikne med visne greiner, som nok hører treet, kirken, til i det ytre, men som er uten organisk forbindelse med stammen, Jesus Kristus, og derfor er uten betydning for den menighet de hører til.

Her stanser sammenlikningen. Men evangeliet har noe viktig og avgjørende å si oss: Det som aldri kan skje i naturens verden at en vissen gren kan bli frisk og frukt bærende, det kan skje i menneskets verden. Et passivt og likegyldig menneske kan gjennom vekkelser, omvendelse og tro bli omskapt til et levende og aktivt menighetslem. Det er et under som Gud gjør ved sin Ånd og ved sitt ord, når et menneske følger hans kall. Det var dette som skjedde den første pinsedag og siden har skjedd mange, mange ganger.

K. S.



## † Til minne

Lærerinne Nelly Tveiterås gikk bort 6. mai 1970 i en alder av 85 år. Hun var i mange år ansatt ved Haukeland skole i Bergen, både i gode og i vanskelige år. I avisen leste vi: «Vår kjære omsorgsfulle Nelly Tveiterås». Både som lærerinne og kollega passer ordene på en særlig måte nettopp på henne. Det var det særegne draget ved henne: omsorgsfull. På sin rolige, stillferdige måte hadde hun oss alle i sin omsorg.

En gang under siste krig i 1943 var en av hennes små elever syk i 3 måneder. På den tid var det vansker med all skolegang og iser på Haukeland. Men guttens mor forteller at frk. Tveiterås helt på eget initiativ kom hjem til dem en gang hver uke, leste med gutten, gav ham arbeide og fortalte det klassen hadde fått høre i bibelhistorie siste uke. Det fortsatte hun med til han var frisk. Gutten er lege idag, men hverken han eller hans foreldre kan glemme at en lærer hadde slik omsorg.

Frk. Tveiterås hadde en stillslig, trygg måte å være på i skolen. Det var nok ingen ofse i de timene så små barn kunne bli skremt.

Men frk. Tveiterås hadde også tanke for kollegene og deres barn. Hun fulgte med dem opp gjennom ungdomsårene. Bare for en 2-3 år siden ringte hun opp en av de gamle kollegene i telefonen for å få høre hvordan det gikk en sønn, som hun i avisene hadde lest var oppe i et betydningsfullt ar-

beide. Samtidig var det spørsmål om andre slike unge kollegabarn. Utrolig at hun fremdeles husket den enkelte og hadde dem i sin omsorg.

Frk. Tveiterås var det støe, rolige midtpunkt i skolen, alltid seg selv, alltid enkel, klok og rett frem. Uten at hun brukte mange ord, visste vi at hun var en tro Guds tjener i skolen. På henne passer i sannhet ordene: Vel, du tro og gode tjener, gå inn til din Herres glede. Og vi som fikk gleden av å arbeide sammen med henne kan bare gjøre ett: Vi takker og velsigner.

L. H.

## Lindetreet

Etter den tyske diktaren Wilhelm Müller's dikt: «Der Lindenbaum».

Ved brunnen framfor porten, der stend eit lindetre.  
Eg drøymde fagre draumar i skuggen under det,  
og i den gråe borken eg mang ei rune skar.  
Ein sorgmild lengt so ofte meg dit attende bar.

Eg måtte også fara forbi no siste natt.  
I djupe myrkret let eg andektig augo att.  
Det susa lint i lauvet, som kviskra det til meg:  
Kom hit, du trøytt vandrar, her kan du kvila deg.

Men nattevinden ula, og strauk meg kaldt om kinn.  
Og hatten flaug av garde, men fredfullt var mitt sinn.  
No er eg atter borte, min lagnad vil det so.  
Men lindi stendig susar: Her finn du ævleg ro.

Eirik Skjerve.

## Frigjeringsjubileet

vart eit fagert minne for folket i Arna. Høgtidsamt var det ved steinen og i kyrkja. Talar av rådmann Revheim, ordføraren i Arna og Haus, musikk av Arnavågen musikklag, Arna Mannskor. Det var gild tale me fekk høyra. «Det var som eg skulle høyrte far hans», sa sidemannen min. Og det skyna eg skulle tyda: Det var ein god tale. Inne i kyrkja var det mykje folk samla og fager song tona under kvelven. Frå koret og frå lyden. Eg veit ikkje kva som let best: Det folk som frægt vil vera — Gud signe vårt dyre fedreland eller — Norske mann i hus og hytte. Det vart offer og til ungdomsarbeidet vårt og det vart tilsaman kr. 954,—.

Ved kaffitider var det minnehøgtid på Gamleheimen vår. Eg hadde tokke av at dei eldre er endå meire med i minnefesten enn ungdomen er det. Det blenkte tårer og i lyden der, dei er glade i landet sitt og folket sitt dei gamle i Arna. Me hadde brus og is-fest me. Men me fekk og høyra prologen av Gudrun Tunes som sidan gjorde så god lukke på realskulen seinare på kvelden. For der vart avslutningen på dagen. Stortingsmann Hårvik tala klårt og greiddt. Han hadde nøkterne tal og statistikk om landet sin innsats. I her, på båtar og i mange slags våpen. Han fekk sanneleg og høve til å minna folket om at dagen og var edruskapsdagen vår. Han gløymde ikkje å forkynna for lyden. Alle som segjer alkoholen farvel og vert fråhaldsfolk får eit problem minder å stridast med i livet sitt. Han ville ha lyden ut på bø og åker med ein gong. Det er lenge imillom slike oppmodingar idag. Difor merkte me oss røysti. Dei segjer politikken skal gjera alt no.

Mykje var elles å nemna frå kvelden. Songkor i bunad og med gild song. Det var fint å høyra. Og samsong eller allsong frå

den store salen. Der har eg ein merknad. Songane var trykte og alle kunne syngja. Men visi er utbreidd yver alt land. No syng me ikkje sangane for di dei er gilde å syngja. Men nyttar dei helst som taktstreker og omrømningsstunder for vidare køyring. Difor dette ustansleige: Me syng dei to versi av song nr. 2 eller 3. I staden for å få syngja songen ut og lata songen få makt millom folket. Når so mange menneske er samla så vert det likaste innslaget å få alle ulike røyster til å tona saman. Men samklang i lyden var det då tydeleg elles. Og det var gilde Asbjørn Solberg som styrde høgtidi.

## LISTE

over nominerte valkandidatar ved bispedømerådsvalet 1970.

Prost Olav Fjose, Fana  
Sokneprest Leif Winsnes, Bergen  
Prost Alv Askeland, Tysnes  
Sokneprest Steinar Ihle, Alversund

## «Betania» Songlag

Fekk eit brev nyss frå Aud Hindenes i songlaget dei dreiv i «Betania», Espeland. Dei treivst så godt saman for dei hadde det som hyggjelag og. Knut Mæstad var dirigent. Men eg skulle skriva i Kyrkjelydsbladet at dei kunne ta imot fleire songarar i laget sitt. Dei kunne berre melda frå til dirigenten og velkomne skulle dei vera.

## Feri for prestane i Arna

Soknepresten har ferie frå 24/6 til 22/7. Res. kap. Harald Hope, Ytre Arna er vikar. Telef. nr. 55 925.

Feri for Res. kap. er frå 23/7 til 20/8. Soknepresten er då vikar. Telef.nr. 40 400.



## Utleggjing av Herrens bøn

(Frå Gamal Norsk Homiliebok.)

(Framhald).

Dette er den tredje bøn:

Fiat voluntas tua, sicut in caelo, et in terra. Det er: Verte viljen din, som i himmelen, so og på jordi!

Med det bed me um at Gud vil hava um-sut for oss som er skapte her på jordi, likso vel som for englane sine i himmelen, — og at han vil hjelpa oss, so at me kan gjera det som er Guds vilje. For dei som gjer Guds vilje, deim elskar Krist her i denne verdi, og gjev deim æra og herlegdom når dei fer herfrå. Me bed og med denne bøn, at vår Drottin Krist vil frelsa oss ifrå Djewelens svik og makt, både med ånd og likam.

Dette er den fjerde bøn: Panem nobis quotidianum da nobis hodie: Gjev oss idag vårt heilage brød, og kvar dag! Denne bøn heve tri slags tyding. For det fyrste bed me um, at Gud vil gjeva likamen vår mat. For det andre bed me, at han vil gjeva sjeli vår slik føde som ho treng om, det er Guds ord. Det skal me halda vel, og tenkja natt og dag på å oppfylle Guds bod med gode gjerningar og rett hug. For liksom likamen liver av mat, so skal sjeli liva av Guds ord, og av å grunda på det gode. — Likamen gjeng brått til grunnar, dersom han ikkje fær mat, og det same gjer sjeli, dersom ho ikkje gjev gaum på Guds bodord. — Det heilage brødet vårt, som me tala ut, det er — for det tredje — den heilage nattverden med Herrens likam og blod. Med det styrkjer me trui vår. — Kvar mann som hev halde seg vel rein frå dei åtte hovudsyndene, han er verdig til å taka imot den heilage nattverden, og honom vert mange syn-

der tilgjevne. Med å ganga ofte til den heilage nattverden styrkjer me og hugen vår mot svikrådene frå Djevelen. Difor, brør, skal me liva rett og reint, so me kan taka mot den heilage nattverden etter Guds vilje, til hjelp for oss og sjeli vår. — Men den som veit med seg sjølv at han hev gjort noko stor syn, han må ikkje taka imot nattverden, før han hev gjenge til skrifte og bot. — Den som tek imot nattverden før han hev gjort dette, han berre aukar syndene sine. — Altso, på desse tri måtane bed me denne bøn: til hjelp for likamen vår, til gagn for sjeli vår, og for at me skal kunna njota rett den heilage nattverden. Desse tri ting skal me beda vår Drottin um å senda oss dag for dag.

Meir.

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE I ARNA:

- 18.4. Kjell Erik, foreldre: Eivind Holm Lund og kona Inger Johanne f. Olsen.  
 18.4. Ørjan, for.: Harald Magnus Søylen og k. Aud Bergitte f. Kleppe.  
 18.4. Are, for.: Asbjørn Sven Aksnes og k. Jorunn f. Skaar.  
 18.4. Erik, for.: John Assing Walden og k. Elin Karin f. Gjertsen.  
 18.4. Bente, for.: Johnny Osaksen og k. Sissel f. Olsen.  
 18.4. Elin, for.: Erling Petter Eide og k. Solfrid f. Arland.  
 19.4. Bjørn André, for.: Bjørn Veland og k. Wenche f. Skeie. (Døyp i Vikøy kyrkja).  
 26.4. Kjerstin, for.: Asbjørn Vaagene og k. Wenche f. Larsen. (Døyp i Maria kyrkja).  
 3.5. Gjersti, for.: Gunnar Morland og k. Solveig f. Hesjedal.  
 3.5. Hildegunn, for.: Audun Bjørnberg og k. Reidunn Marit f. Herfindal.

- 3.5. Frode, for.: Tor Alf Vareberg og k. Ingrid f. Netland.  
 9.5. Arvid Skulstad, for.: Torgeir Enger og k. Astrid f. Skulstad.  
 9.5. Ingunn, for.: Geirmund Drageide og k. Inge-Marie f. Johannessen.  
 9.5. Røandi, for.: Gunnar Nesse og k. Aslaug f. Aaland.  
 9.5. Grethe Irene, for.: Øystein Lerås og k. Anna Nilsine f. Huseklepp.  
 10.5. Siri, for.: Nils Mæland og k. Liv f. Træbakken.  
 16.5. Sigurd, for.: Arne Ludvig Paul Åsvang og k. Hedvig Kirsten f. Hansen.  
 16.5. Monica, for.: Magnus Emil Eriksen og k. Solfrid Johanna f. Olsen.  
 16.5. Silje, for.: Gunnar Gunnarson og k. Anita f. Nilsen.  
 16.5. Roar, for.: Gunnar Larssen og k. Wenche f. Kalland.  
 18.5. Steinar, for.: Bent Yngve Paulsen og k. Bjørg Toril f. Kleppe.  
 18.5. Astrid Merethe, for.: Øivind Torgeir Brachel Gaarder og k. Wenche Løvseth f. Lunde.

#### VIGDE:

- 18.4. Otto Johan Gjerde og Kjersti Hansen.  
 25.4. Einar Haugland Jensen og Britt Helen Olsen. (Vigde i Johannes kyrkja).  
 9.4. Reidar Haugland og Anne-Britt Ullestad.  
 16.5. Arne Jørgen Mjelde og Bjørg Birke-land.

#### AVLIDNE:

- 19.4. kalkverksarb.enkja Gunhild Paulsen f. 1895.  
 5.5. anlegsarb.kone Martha Tunestveit f. 1899.  
 5.5. gbr.enkja Oline Jakobine Foss f. 1886.  
 6.5. vegform., gift, Ole Johannesson Vese-  
 seth f. 1893.  
 5.5. lærarinne h.v. Nelly Tveiterås f. 1885.

#### DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:

- 26.2. Tor, foreldre: Lars Mala og Elsa Ingeborg f. Nilsen. (i Bergen).  
 13.3. Tommy Ingmar, for.: smed Arthur Hansen og Mary f. Madsen (i Bergen)  
 7.3. Jarle, for.: Arne Tveiterås og Ruth f. Kalvik.  
 15.3. Atle, for.: bonde Erling Lilletvedt og Eva f. Haugland.  
 21.3. Heidi Anita, for.: feiar Arvid Berland og Sissel f. Steinsland.  
 22.3. Karin, for.: ing. Kurt Bolstad og Gunda f. Havsfjord.  
 26.3. Pål, for.: radiostyrar John Dyndal og Marit f. Revheim. (i Bergen).  
 26.3. May Britt, for.: Rolf Vatlestad og Wi-beche f. Lodtz. (Sogndal i sogn).  
 1.2. Hege, for.: Helge Nilsen og Maria f. Eikeseth. (I. Arna)  
 11.4. Thor Christian, for.: målar Per Johannessen og Åse Brit f. Haugland. (i Åsane)  
 12.4. Tormod, for.: lærar Martin Skjelbreid og Margit f. Aarra.  
 26.4. Thor Løseth, for.: sjåfør Jan Stamneshagen og Rigmor f. Løseth.  
 26.4. Lars Magnus, for.: maskinførar Ole Rolland og Astrid f. Aarhus.

#### EKTEVIGDE, YTRE ARNA:

- 7.3. arb. Erling Johan Furnes og prentearb. Ashild Fjellanger.  
 21.3. mek. Terje Willy Seland og bank-assist. Norunn Dale.  
 21.3. stud. psykol. Arnfinn Eck og sosialsk. stud. Jorunn Hope.  
 21.3. marinekonstabel Karstein Rød og avd.hj. Grete Karin Skår.  
 21.3. stud.real. Leidulv Brunborg og lærar-stud. Sigrid Herborg Ramnefjell. (i Borgund).  
 28.3. marinekonstabel Jan Håkon Taraldsten og hj.pleia Olaug Loftenes. (i Tynset).



- 9.5. sjåfør Jan Erik Herland og syerska Karin Vognstølen.

**AVLIDNE:**

- 18.2. mekanikar Harald Martin Rønhovde f. 1907.  
5.4. husmor Mathilde Askeland f. 1896.

## Til ettertanke

Uten bibel — ingen tro

Jeg bad om tro, sier den kjente predikant D. L. Moody, og trodde at en dag ville troen komme og slå ned i meg som et lyn, men den syntes ikke å komme.

En dag leste jeg i Rom. kap. 10. Der stod: «Troen kommer altså av budskapet som høres, og budskapet forkynnes ved hjelp av Kristi ord.»

Jeg hadde hatt en lukket bibel, selv om jeg hadde bedt om tro. Nå åpnet jeg min bibel og begynte å lese i den, og siden har troen stadig strømmet til meg.

\* \* \* \* \*

En hel Kristus min frelse,  
en hel bibel min stav,  
en hel kirke mitt brorskap,  
en hel verden mitt sokn.

*Augustin.*

\* \* \* \* \*

så en karakter, høst en evig lagnad.  
Så en tanke, høst en handling,  
så en handling, høst en vane,  
så en vane, høst en karakter,

*Engelsk ordtøke*

## Vi finner henne der hvor nøden er størst

*Rakel Grytås i Hong Kong har vært med på både Ungarn-krise og Midt-Østen-konflikt.*



Rakel Grytås er vant til å se nøden på nært hold. Hun var med på hjelpe flyktningene da Ungarn-opprøret fanget verdens oppmerksomhet. Hun var også i aktiv virksomhet i Midt-Østen, da Israel startet seksdagers-krigen.

I de siste fire årene har hun vært i Hong Kong, utsendt av Kirkens Nødhjelp, for å gjøre en innsats for flyktningene der. Og det er ingen ting som tyder på at hun eller Kirkens Nødhjelp skal mangle oppgaver når det gjelder flyktninger de første årene.

Det er antatt å være 15 millioner flyktninger i verden i dag. I Afrika finner vi mer enn fem millioner, og dette tallet vil øke når resultatet av Biafra-konflikten blir lettere å se. I Midt-Østen øker antall flyktninger daglig, og tallet har forlengst passert to millioner. I Asia regner FN med 7,3

millioner flyktninger, altså litt mindre enn tallet på befolkningen i New York.

Alt dette kom frem på en konferanse som ble arrangert i New York nylig. Direktør K. L. Stumpf, som leder Det Lutherske Verdensforbunds hjelpevirksomhet i Hong Kong var invitert. Det var nødvendig å ha en representant med fra Hong Kong, for — til tross for at statistikk fra Verdensbanken tilsier at dette er en av verdens rikeste byer — er det fortsatt oppført som et større flyktningsesenter. Man regner med at to millioner flyktninger har kommet til byen siden 1949.

### *Det virkelige Hong Kong*

Og direktør Stumpf fortalte: «Hva jeg snakker om er det virkelige Hong Kong, ikke en luksustilværelse for de få, men en minimumseksistens for de mange. Ikke glitrende hoteller og overdådige leiligheter, men fem hundre tusen fattigfolk i åsene rundt byen og nede i slummen. Folk som bor på fortauet, som har slått seg til i gamle båter, som bor på taket av husene. De over en million mennesker i trange leiligheter i de nye sementblokkene. Åtte, ti mennesker på ett rom. Det ukjente antall mennesker som bor i slummen, i falleferdige hus som bli bygget før krigen. Vi snakker her om folk hvis navn står på de lange ventelistene til sykehusene — folk som har lidd av sykdom i årevis, men fortsatt er ingen seng ledig. Av de lange køene hvor folk venter i timevis for å snakke med en utslitt lege, som gjennomsnittelig snakker med hver pasient i 3½ minutt. Vi er interessert i de foreldreløse barna i Hong Kongs gater, som bor ingensteds, og som sover i parkerte lastebiler, i trapper og på hustak, og som — hvis ingen hjelp kommer — blir med i de mange bandene.

Dette er det Hong Kong vi må fortelle verden om. En by hvor de fleste er under-

ernærte, uopplyste, underbetalte og uten en skikkelig bolig.

### *Glemte av verden*

Direktør Stumpf snakker om «de nye flyktningene», som når det kommer til stykket er «det gamle flyktningene» fra 20 år tilbake — de som kom til Hong Kong for å søke beskyttelse og sikkerhet og som er blitt sørgelig skuffet.

Den engelske regjering nekter å gjøre dem til borgere av byen, og uten papirer har de ingen muligheter. Hverken for å reise tilbake til Kina, eller for å reise til et annet land. De er dømt til å bo i Hong Kong resten av sitt miserable liv. Direktør Stumpf avsluttet sitt foredrag med å si: «Det er ikke lett for vår organisasjon å overbevise resten av verden at det er nødvendig med rask hjelp. Vi får mesteparten av våre penger fra de kirkelige organisasjoner i Europa, og de har i det siste vært for opptatt av Biafra og Midt-Østen, slik at problemene her i Hong Kong har kommet helt i skyggen. De regner kanskje med at Hong Kong klarer seg selv nå. Men det er ikke tilfellet.» La oss her få føye til at Kirkens Nødhjelp, foruten å sende ut dyktige hjelpere, slik som Rakel Grytås, også har sendt over en million kroner til Hong Kong de siste to årene. Og man regner med å øke innsatsen der i årene som kommer. Så Norge har i hvert fall ikke helt glemt Hong Kong.

### Skal det vera

markiser eller persiener, så ring  
og spør meg. Eg sel Norsk Amico  
heilårsmarkiser og prydpersiener,  
stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

**MAGNUS BORGE**

5233 Haukeland Telefon 40021



Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

**F. BEYER**

**Bok og papirhandel  
Indre Arna**

**STØRRE BARNETRYGD**

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned  
La pengane gå direkte inn på konto i  
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken  
kva kontotype som passar best.  
Pengane står alltid til disposisjon.  
Rente opp til 5 pst. p.a.

**ARNA PRIVATBANK**

*Vakre blomar frå*

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes  
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**ALT I  
GRAV-  
MONUMENTER**

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

**J. BERSTAD**

**Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.  
Sport og camping.  
Glass og steintøy.

**HAUS SPAREBANK**

Snakk med sparebanken

Ytre Arna — Indre Arna —  
Espeland — Lonevåg

*I min forretning*

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



**5260 Indre Arna — Tlf. 40496**

**Preikelista**

**Trieiningsundag 24. mai:**

Arna: Res. kap., Ytre Arna: Soknepresten.

**1. søndag e. tr. 31. mai:**

Arna: Soknepresten, Ytre Arna: Res. kap.

**2. søndag e. tr. 7. juni:**

Arna: Res. kap., Ytre Arna: Soknepresten.

**3. søndag e. tr. 14. juni:**

Arna: Soknepresten, Ytre Arna: Res. kap.

**4. søndag e. tr. 21. juni:**

Arna: Res. kap., Trengereid: Soknepresten.

**5. søndag e. tr. 28. juni:** ✕

Ytre Arna: Res. kap.

**6. søndag e. tr. 5. juli:** ★

Arna: Res. kap.

**7. søndag e. tr. 12. juli:** ✕

Trengereid: Res. kap.

Om kvelden kl. 19.00: Ytre Arna: Res. kap.

**8. søndag e. tr. 19. juli:**

Arna: Res. kap.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —